

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/386 - 20/8967

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.02.2020

Oversender søknad om dispensasjon for frådeling av bustadtomt til utfale - gbnr 24/3 Fammestad

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 24/3 Fammestad
Tiltakshavar: Merethe Vindenes og Morten Tveit

Saka gjeld

Saka gjeld frådeling av ny grunneigedom på ca. 1 400m² til bustadføre mål på gbnr 24/3 Fammestad.

Det er heimelshavar som fremjar søknad om dispensasjon.

Historikk endra planstatus

Omsøkt område var tidlegare ein del av uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Lindås kommune var definert som LNF-område med spreidd bustadbygging. Området kunne i samsvar med tidlegare føresegn pkt. 5.11 i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 byggast ut med ein bustad i planperioden.

Løyve til frådeling av den eine bustadparsellen i perioden vart gjeve den 07.07.2017 i sak 16/3839 i tidlegare Lindås kommune. Den nye bustadparsellen vart gjeve gbnr 24/153. Det vart gjeve løyve i eitt-trinn den 09.04.2019 i sak 18/3864 for oppføring av bustad med sokkelleilegheit. Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune 2019-2031, vart arealføremålet for området endra frå LNF-område med spreidd bustadbygging til område avsett til LNF- føremål (landbruk-natur og friluftsliv).

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922


Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplanen (KDP) sin arealdel 2019-2031 for tidlegare Lindås kommune avsett til LNF-føremål.


Frådeling av ny bustadtomt har krav til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

Utsnitt KPD 2019-2031. Uregulert grønt område er avsett til LNF-føremål. Uregulert gult område er avsett til bustadføremål.



Innsendte situasjonskart, datert 21.08.2019 viser området slik det var i gamal arealdel til kommunedelplanen 2011-2023 dvs. LNF-område med spreidd bustadbygging.



Avkørsel

Avkøyringsløyve er gjeve for noverande søknad om frådeling for ny bustadtomt. Vegavdelinga i tidlegare Lindås kommune har gjeve utvida bruk av avkørsle til 3 bueiningar. Dette gjaldt to bueiningar til gbnr 24/153 som inkluderer sokkelleilegheit samt 1 bueining som gjeld tomt i området Fammestad N, dvs. noverande søknad om frådeling, den 18.03.2019 i sak 19/506.

Manglande nabovarsel til Alver kommune

Ny bustad betyr auka bruk av vatn og avløp. Overvatnledning kryssar kommunal veg – gbnr 24/151. Alver kommune ved VA (vatn- og avløp) og veg forvaltning må nabovarlast. Dei vert nabovarsla med høyringsbrevet.

Tiltaket skal etablerast i LNF-område. Søknaden om dispensasjon vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

KDP oversikt Lindås kommune - Alver kommune- gbnr 24_3

KDP Lindås kommune - Alver kommune- gbnr 24_3

Grunnkart - Alver kommune- gbnr 24_3

Ortofoto 2018- Alver kommune- gbnr 24_3

Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 24/3 Fammestad

Søknad om dispensasjon til frådelling GBNR 24/3

Situasjonskart

Avtale om vatn og avløpsvatn/overvatn og serviceavtale biovac minirensanlegg

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle og avtale om veg

Nabovarsel

Opplysningar gitt i nabovarsel - GBNR 24/3 Fammestad

Kopi til:

Merethe Vindenes	Reikeråsvegen 5913 69	EIKANGERVÅG
Morten Tveit	Reikeråsvegen 5913 69	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland Samferdsel, veg-, vatn- avløp- forvaltning	Statens hus 6863	LEIKANGER
--	------------------	-----------